



Tingvoll, 23.3.2020

Kulturdepartementet, Klima- og miljødepartementet,
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune,
kommunane i Møre og Romsdal, Miljødirektoratet

RAPPORT – «TIPPESTIAR» OG NATURMANGFALDLOVA

Ved fleire høve har Naturvernforbundet reagert på at Møre og Romsdal fylkeskommune har tildelt tippemiddel til turstiprosjekt utan at det er gjort vurderingar etter naturmangfaldlova kap. II. Temaet har vore i Kulturdepartementet som klagesak, der det blei slått fast at desse sakene skal vurderast etter naturmangfaldlova i samband med handsaming etter plan- og bygningslova.

Naturvernforbundet har den oppfatninga at ein del av desse sakene aldri blir handsama etter plan- og bygningslova, og at det såleis ikkje finst noko vurdering etter naturmangfaldslova. For å finne ut om dette er tilfelle, og eventuelt omfang av denne praksisen, har Naturvernforbundet spurd kommunane om saker som fekk løyve til «tippestiar» i 2019, sjå nedanfor.

Det blei laga ein førebels rapport dagsett 27.1.2020, på grunnlag av dei kommunane som då hadde svara. Etter at det blei sendt klage på nekta utlevering av miljøinformasjon (Miljøinformasjonslova § 15) så har nesten alle svara. Dei nye svara er innarbeida i ein ny og endeleg rapport, her.

Kommune	Anleggsnamn
Midsund	Steintrapp Midsundhornet
Molde	Tursti Damefallet-Tusenårsvarden
Neset	Blåfjellstien
Stranda	Trondhjemske postveg
Surnadal	Toåa tursti
Ulstein	Turveg Breidfjellet-Årdalen
Volda	Turveg Volda-Prestholmen
Ålesund	Turløype Emblemsfjellet
Aure	Aureelva helseløype
Averøy	Tursti Sveggen-Bremsneshatten
Fræna	Aurosen tursti
Giske	Godøya tursti
Gjemnes	Tursti Silset-Bjerkeset
Gjemnes	Tursti Harstad-Bjerkeset
Gjemnes	Tursti Batnfjordsøya-Harstad
Kristiansund	Jonsokhauan rundt
Sandøy	Tursti Breidalen-Harøyburet
Skodje	Tursti Lillevja-Evja
Sykkylven	Lilleholen tursti

Kommunane fekk følgjande brev:



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 27.11.2019

Kristiansund kommune

TURSTIAR/TURVEGAR – HANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA OG NATURMANGFALDLOVA

Vi har funne prosjektet Jonsokhaugen rundt i lista over prosjekt som har fått tippemiddel i 2019.

I følge Kulturdepartementet skal slike saker bli handsama etter plan- og bygningslova som dermed sikrar at det blir gjort vurderingar etter naturmangfaldlova.

Vi viser til miljøinformasjonslova og spør om svar på følgjande:

1. Er dette prosjektet handsama etter plan- og bygningslova?
2. Er det gjort vurderingar etter naturmangfaldlova ved handsaming av dette prosjektet?

Vi reknar med at det i utgangspunktet er enkle svaralternativ på desse spørsmåla, ja eller nei. Veit ikkje vil nok bli tolka som nei.

Viss det blir svara ja på spørsmål nr. 2, ber vi om å få dokumentet der vurderinga er gjort.

Med vennleg helsing

Oystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Oystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreoromsdal@naturvernforbundet.no – Org. Nr. 871367132 –
internett www.naturvernforbundet.no/mr

Det er spurd etter miljøinformasjon ved brev av 27.11.2019, og ein kan vente svar innan 15 verkedagar viss svar ikkje representerer noko vesentleg arbeid. I dette tilfellet er det to svar med ja eller nei, og vedlegg av dokument som ein må rekne med alt finst (Vedtak om gjennomføring av tiltak).

8 av 17 kommunar har svara innan vanleg frist 15 verkedagar. Det blei purra på resten 6.1.2020.

Manglande svar etter to månader vil vere det same som avslag. Det blei klaga på avslag til fire kommunar. To har ordna opp, dei siste to har framleis førespurnaden liggande som klagesak.

Kva har så kommunen gjort i desse sakene?

Svar mottatt innan fristen:

Midsund – Steintrapp Midsundhornet:




Kommunen reknar dette som vedlikehald av sti. Det er gjort ei vurdering av om tiltaket går gjennom verneområde.

Om denne sakshandsamingmåten er vald også for dei andre stiane som er utbeta/opparbeidd og inngår i Midsundtrappane er ikkje undersøkt.

Vurdering: Naturvernforbundet meiner at denne saka ikkje er handsama korrekt etter naturmangfaldlova. Så langt vi kan sjå finst det naturtypelokalitet og artsfunn som er såpass nær at det er nødvendig å gjere nærare vurderingar. Det er mogleg det ikkje er noko problem, men det kan ein ikkje vite noko om ut frå den handsaminga som (ikkje) er gjort.

Midsundtrappane som dette er ein del av blir sagt å ha 50 000 brukarar i løpet av ein sesong, og det har vore nødvendig å setje opp ekstraferje. Det kan vere tiltaket burde ha vore konsekvensutgreidd.

Surnadal – Toåa tursti



Dei viser til at stitraseen ligg inne i kommuneplanen. Artskart og naturbase blei då sjekka ut. Det har ikkje vore sakshandsaming etter plan- og bygningslova utover det.

Vurdering: Det er bra at tiltaket er med i kommuneplanen. Det har også vore ei viss vurdering etter naturmangfaldlova (Formulering frå vedtaksdokumentet er ikkje mottatt). Naturvernforbundet er i tvil om at eit slikt tiltak kan gjennomførast heilt utan byggesakshandsaming, sjølv om tiltaket er i samsvar med kommuneplan. Sjølv om det går fram av saka at stien følgjer elveførebygging, jordbruksvegar og stiar som er der allereie, så er det eit tiltak som gir auka trafikk i ein del av naturen som er særleg utsett.

Volda - Turveg Volda-Prestholmen:

Saka er handsama etter plan- og bygningslova og i tillegg i samsvar med reguleringsplan. Det er gjort særskilte vurderingar kring førekomst av elvemusling.

Vurdering: Denne saka omhandlar truleg ein god del areal med lite natur. Naturvernforbundet vurderer dette som ei rett handsaming av saka etter naturmangfaldlova.

Aure - Aureelva helseløype

Saka er ikkje komen så veldig langt, ligg vel framleis på teiknebrettet, og skal handsamast etter plan- og bygningslova.

Vurdering: Naturvernforbundet reknar saka som greitt handsama så langt.

Averøy - Tursti Sveggen-Bremsneshatten

Stadnamna på denne søknaden er noko upresise. Saka er handsama etter plan- og bygningslova. Vurderingar etter naturmangfaldlova er utført.

Vurdering: Naturvernforbundet reknar sakshandsaminga som god, bortsett frå på eit punkt. Når ein undersøker artskart og naturbase og ikkje finn noko større, så kan det skuldast at det ikkje er kartlagd, eller at det ikkje er så mykje å kartlegge. Kommunen har ikkje gjort vurderingar kring dette. Vi er spesielt usikker på om omsyn til fugl er godt tatt i vare. Kystlyngheia er særskilt vurdert.

Gjemnes - Tursti Silset-Bjerkeset, Tursti Harstad-Bjerkeset, Tursti Batnfjordsøya-Harstad:

Dette er i grunnen eit prosjekt med tre delar. Sakene er byggesakshandsama, og det er ei svært grundig vurdering etter naturmangfaldlova.

Vurdering: Tiltaket skjer langs elv, med den generelle problemstillinga som er knytt til det. Her er det alt ein del trafikk frå før, så det er mogleg det ikkje blir så mykje trafikkauke. Det er eit par små detaljar i vurderinga Naturvernforbundet er litt usikker på, men alt i alt trygg og god handsaming.

Skodje - Tursti Lilleevja-Evja:

Kommunen har lagt til grunn at prosjektet er i samsvar med kommuneplan frå 2007. Etter ytterlegare førespurnad kom dei på at det var før naturmangfaldlova kom. Tiltaket er såleis ikkje vurdert etter naturmangfaldlova.

Vurdering: Handsaming etter naturmangfaldlova manglar.

Sykkylven - Lilleholen tursti

Prosjektet er i samsvar med kommunedelplan for idrett og friluftsliv, elles ikkje noko handsaming. Prosjektet er påbegynt.

Vurdering: Handsaming etter naturmangfaldlova manglar. Kommunedelplan for idrett og friluftsliv erstattar ikkje byggesakshandsaming.

Svar mottatt etter at det blei purra 6.1.2020**Kristiansund - Jonsokhauan rundt**

Foto Øystein Folden, 19.12.2015.

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplan, som ligg føre 17.1.2017, samtidig med byggeløyve. Det er vurderingar etter nokre av paragrafane i naturmangfaldlova.

Vurdering: Det er gjort ein del vurderingar etter naturmangfaldlova kap. II, men ikkje alle paragrafane, og med varierende kvalitet. Det kunne t.d. vore greitt om myrtypen blei nærare vurdert, og det kunne ha vore sagt noko om ein har mykje eller lite av denne myrtypen i området. Elles er biletet tatt 19.12.2015, to år før vedtaket ligg føre. Det er ganske store og irreversible inngrep i myra.

Giske – Godøya tursti

Kommunen reknar dette som vedlikehald av sti, og at byggesakshandsaming er unødvendig. Vi har fått ei slags vurdering etter naturmangfaldlova, som vi etter førespurnad har fått opplyst er skrive no etter at det blei spørsmål etter det.

Vurdering: Arbeidet med turstien er kalkulert til kring ein halv million. Det er ikkje mykje ein kan gjere i naturen for ein halv million utan at det må byggesakshandsamast. Den vurderinga som er gjort etter naturmangfaldlova er ikkje så lett å etterprøve, og kravet til slike vurderingar er at dei skal ligge føre saman med vedtaket. Turstien går sannsynlegvis gjennom kystlynghei, registrerte lokalitetar frå før. Dermed manglar det nok også vedtak etter nml. § 53 for inngrep i utvald naturtype.

Etter førebels rapport blei ferdigstilt 27.1.2020 har det kome fleire svar:

Sandøy – Tursti Breidalen-Harøyburet

Tiltaket er ikkje byggesakshandsama og det er ikkje gjort vurderingar etter naturmangfaldlova. Tidleg i mars har ein sakshandsamar i Nye Ålesund kommune meldt at arbeidet er innstilt inntil vidare. Det var planlagt utflyging av materiell, men dette er stoppa som følgje av nyleg innmeldt behov for å ta omsyn til rovvilt i hekkeperioden.

Vurdering: Stien går gjennom ein naturtypelokalitet av kystmyr, nærare bestemt terrengdekkande myr, med verdi B. Delar av myra er intermediær, og det er ei beitehistorie knytt til lokaliteten. Frå skildringa av naturtypelokaliteten: «*Det viktigaste vil vere å unngå vesentlege fysiske inngrep i myrområdet.*» Ei vurdering etter naturmangfaldlova kunne ha avklara om det tolast inngrep som ein tursti, og i fall korleis denne måtte utførast. Utan handsaming er det meir tilfeldig om det er gjort slike vurderingar. Slike areal kan elles vere slåttemyr som ofte er litt tilfeldig kartlagd. På flyfoto ser det ut til å vere såpass mykje tuver på denne strekninga, at det er lite sannsynleg.

Når prosjektet no er stoppa ein periode som følgje av nye opplysningar, viser dette i grunnen at det er vesentlege manglar i sakshandsaminga når det gjeld naturmangfald.

Ålesund – Turløype Emblemsfjellet

Kommunen reknar saka som vedlikehald. Vegen blei i si tid byggesakshandsama, men ikkje vedlikehaldet. Det er idrettslaget som har gjort sakshandsaminga no, og det er ikkje truleg at det er gjort vurderingar etter naturmangfaldlova.

Vurdering: Det kan tenkjast at det formelt er høve til ikkje å byggesakshandsame ei sak som denne. Det fører til at det ikkje blir vurdering etter naturmangfaldlova. Det tyder at eventuelt gamle urettar i naturen ikkje så lett kan reparerast fordi ingen stiller spørsmål om det. Det finst også døme på at vedlikehald kan gå ut over viktige naturtypelokalitetar (Artsrike vegkantar og kulturmarksrestar som kan vere i sjølve vegtraseen)

Ulstein – Turveg Breidfjellet - Årdalen

Saka har vore handsama 3 gonger etter plan- og bygningslova, ingen av gongane med vurdering etter naturmangfaldlova. Føremålet er ikkje i samsvar med arealdelen til kommuneplan.

Kommunen er aleine om ein annan type vurdering av naturen:

Sikkerheit mot naturpåkjenningar (pbl § 28-1)

Det er opplyst at bygningen skal ikkje plasserast i område med fare for flaum, skred eller der andre natur- og miljøtilhøve vil kunne utgjere fare for tiltaket.

Kommunen har altså vurdert om naturen kan gjere skade på tiltaket!

Vurdering: Viss omsynet til naturmangfald blir handsama like godt som alt det andre, kan det truleg bli ganske bra. Men dette er eit døme på at handsaming etter plan- og bygningslova heller ikkje garanterer for at naturmangfaldlova blir brukt.

Stranda – Trondhjemske postveg

Det er uvisst kva Stranda kommune har mottatt av brev frå Naturvernforbundet i denne saka. Brevet er stadfesta sendt til rett e-postadresse, men ikkje registrert mottatt.

Prosjektet er ikkje handsama etter plan- og bygningslova. Det er opplyst at fylkeskommunen, dvs. fornminnemynde har vore svært delaktige i prosessen, og det gjeld også vegstyresmakta. Men det har ikkje vore vurderingar etter nml.

Vurdering: Fornminnelovgjevinga må ein ta omsyn til, sidan noko anna vil vere straffbart. Tilsvarende mekanismar slår ikkje inn for naturomsyn. Sakshandsaminga har ikkje vore tilstrekkeleg etter nml.

Molde – Tursti Damefallet - Tusenårsvarden

Prosjektet er vedtatt i delplan for idrett og friluftsliv. Markarådet og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal er konsultert. Det er ikkje opplyst noko om stien er regulert i kommuneplan. Det har ikkje vore byggesakshandsaming av saka, då tiltaket har vore rekna som vedlikehald.

Vurdering: Det kan tenkjast at det formelt er høve til ikkje å byggesakshandsame ei sak som denne. Det fører til at det ikkje blir vurdering etter naturmangfaldlova. Det tyder at eventuelt gamle urettar i naturen ikkje så lett kan reparerast fordi ingen stiller spørsmål om det. Det finst også døme på at vedlikehald kan gå ut over viktige naturtypelokalitetar (Artsrike vegkantar og kulturmarksrestar som kan vere i sjølve vegtraseen)

Svarprosent og fristar.

17 kommunar er spurde om i alt 19 saker.

Status ved sluttrapportering er at det er svara i 17 av dei 19 sakene.

8 kommunar svara innan fristen, for 10 saker.

5 kommunar svara etter puring.

Ytterlegare 2 kommunar har svara etter at det blei klaga på nekting av miljøinformasjon.

Manglar framleis, etter at klage på nekta utlevering av miljøinformasjon blei sendt 13.2.2020:
 Nesset - Blåfjellstien
 Fræna – Aureosen tursti

Båe kommunane har journalført første brev inn i saka i november 2019.

Kommune	Anleggsnamn	PBL	NML	Merknad
Midsund	Steintrapp Midsundhornet	nei	Nei	Rekna som vedlikehald
Molde	Tursti Damefallet-Tusenårsvarden	Nei	Nei	Rekna som vedlikehald
Nesset	Blåfjellstien			Ikkje svart
Stranda	Trondhjemske postveg	Nei	Nei	Berre kulturminnevrdering
Surnadal	Toåa tursti	Nei	Tja	Følgjer av kommuneplan
Ulstein	Turveg Breidfjellet-Årdalen	Ja	Nei	
Volda	Turveg Volda-Prestholmen	Ja	Ja	
Ålesund	Turløype Emblemsfjellet	Nei	Nei	Rekna som vedlikehald
Aure	Aureelva helseløype			Ikkje kome så langt
Averøy	Tursti Sveggen-Bremsneshatten	Ja	Tja	Feil vurdering av kunnskap
Fræna	Aurosen tursti			Ikkje svart
Giske	Godøya tursti	Nei	Nei	Rekna som vedlikehald
Gjemnes	Tursti Silset-Bjerkeset	Ja	Ja	
Gjemnes	Tursti Harstad-Bjerkeset	Ja	Ja	
Gjemnes	Tursti Batnfjordsøya-Harstad	Ja	Ja	
Kristiansund	Jonsokhauan rundt	Ja	Tja	Sett i gang før løyve
Sandøy	Tursti Breidalen-Harøyburet	Nei	Nei	Stopp – ny kunnskap
Skodje	Tursti Lilleevja-Evja	Nei	Nei	Kommuneplan 2007
Sykkylven	Lilleholen tursti	Nei	Nei	Delplan idrett og friluftsliv

Vurdering

Av dei spurde har **Volda** og **Gjemnes** (3 saker) byggesakshandsaming og grei handsaming etter naturmangfaldlova.

Averøy har byggesakshandsaming som er grei. Bruken av naturmangfaldlova er problematisk, då manglande observasjonar av naturmangfald er tolka som ingen førekomst av naturmangfald. Dette er ein grunnleggande og mykje utbreidd feil som kan gje store konsekvensar. Det skulle nok og ha vore gjort eit vedtak etter naturmangfaldlova § 53 vedkomande kystlyngheia.

Kristiansund har byggesakshandsaming, men etter at inngrepet var gjort. Handsaminga etter naturmangfaldlova er mangelfull.

Surnadal, **Skodje** og **Sykkylven** har ikkje byggesakshandsaming, men det finst overordna plan for føremålet.

Om dette er tilstrekkeleg kan vere uvisst. Surnadal har i samband med kommuneplanen gjort ei vurdering etter naturmangfaldlova, men det kan vere litt uvisst om den var tilstrekkeleg når ein kom til byggesaksnivå. I Sykkylven er det delplan for idrett som ligg til grunn, og den kan ikkje erstatte byggesakshandsaming og er vanlegvis mangelfull når det gjeld vurdering etter naturmangfaldlova.

Skodje har arealplanen som grunnlag. Denne er frå 2007, så det er aldri gjort vurdering etter naturmangfaldlova. Saka skulle nok hatt ei byggesakshandsaming i alle fall.

Midsund, Molde, Ålesund og Giske er ganske like. Dei har alle rekna tiltaket som utbetring eller vedlikehald. Det har ikkje vore byggesakshandsaming, og vurderinga etter naturmangfaldlova har vore vel enkel til fråverande og ikkje etterprøvbar. Det skulle nok også ha vore gjort eit vedtak etter naturmangfaldlova § 53 vedkomande kystlyngheia når det gjeld Giske og Midsund.

Sandøy har verken byggesakshandsaming eller vurdering etter naturmangfaldlova. Der er prosjektet mellombels stoppa som følge av at nokon har hatt kunnskap om rovvilt som er tatt opp med kommunen ganske nyleg.

Stranda har hatt full merksemd på kulturminnelovgjevinga, men gløymt at det kan vere naturmangfald i slike saker.

Ulstein har klart å byggesakshandsame saka 3 gongar utan å gjere vurderingar etter naturmangfaldlova.

Aure kommune har opplyst at prosjektet framleis ligg på teiknebrettet. Dei har altså ikkje kome så langt at dei blir vurdert, men dei har opplyst at det er planlagd byggesakshandsaming.

Oppsummering

4 saker i 2 kommunar er tilfredsstillande handsama. I ein kommune er kommuneplan lagt til grunn, moglegvis korrekt, men ikkje optimalt. 1 kommune har god byggesakshandsaming, men har gjort ein tabbe med naturmangfaldlova. 4 kommunar har rekna saka som utbetring/vedlikehald og latt vere byggesakshandsaming. Dette er truleg feil, og i alle fall ikkje tilfredsstillande. 1 kommune har bygd først og byggesakshandsama etterpå. 1 kommune har ikkje kome langt nok i prosessen.

Tidlegare klagesak

I samband med at Naturvernforbundet i Møre og Romsdal klaga på fylkeskommunen sitt vedtak om fordeling av tippemiddel i 2016, uttalte Kulturdepartementet i si endelege handsaming av klaga den 9.11.2017:

I saker om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, vil det også alltid foreligge et planvedtak, enten ved kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. I den grad et anlegg berører naturmangfold, skal vurderinger etter kapittel II være gjort i forbindelse med disse vedtakene. I tillegg vil realisering av anleggene ikke kunne skje før det foreligger en byggetillatelse. I motsetning til tilskuddsordningen, er vedtakene etter plan- og bygningsloven veldig godt egnet til å veie ulike hensyn mot hverandre, herunder hensynet til naturmangfold.

Når Kulturdepartementet legg til grunn at det er byggesakshandsaminga som er godt eigna med omsyn til naturmangfaldlova, må det vere ein føresetnad at alle desse sakene blir byggesakshandsama. Denne føresetnaden er til stades i ca. 20% av sakene i denne undersøkinga.

Viss det blir konkludert med at ikkje alt skal handsamast som byggesak, fritar ikkje dette for plikta til å gjere vurderingar etter naturmangfaldlova. Då må det sikrast at slik vurdering blir gjort. Det trengst difor ei klargjering/presisering slik at kommunane ikkje treng vere i tvil lenger om dette.

Viss fylkeskommunen framleis meiner at det ikkje skal krevjast handsaming etter naturmangfaldlova i samband med tilskotsvedtaket, bør det innførast som vilkår at det ikkje kan utbetalast løyvd tilskot

utan at vurderinga etter naturmangfaldlova er gjort. Dessutan må rettleiinga styrkast til søkerane, slik at dei på eit tidleg tidspunkt tar til å samle inn det som skal til for å gjere vurderinga etter naturmangfaldlova. Viss naturomsyn er til hinder for eller krev endringar av prosjekt, bør det kome fram før søknaden om tippemiddel ligg til handsaming hos fylkeskommunen.

Læringspunkt

1. Alle desse sakene krev byggeløyve. Viss det er nokon tvil om dette etter lovverket, så må dette oppklarast. Ansvar: Klima- og miljødepartementet og Kulturdepartementet.
2. Til alle desse sakene blir handsama etter naturmangfaldlova, må fylkeskommunen sikre seg at desse vurderingane blir gjort. Som minimum må fylkeskommunen krevje framlagt dokumentasjon på slik vurdering før prosjektet kan setjast i gang. Vi meiner det vil vere i tråd med naturmangfaldlova sin intensjon om minimum ei førebels vurdering ligg føre når fylkeskommunen gjer vedtak om tildeling. Ansvar: Fylkeskommunen, eventuelt i samarbeid med Kulturdepartementet.
3. Folkehelsekoordinatorane har i stor grad mangelfulle kunnskapar om plan- og bygningslova og i alle fall naturmangfaldlova. Det er nødvendig å ruste opp denne tilsettegruppa slik at dei veit at dei skal ha ei tverrfagleg sakshandsaming i kommunen for desse sakene. Ansvar: Fylkesmannen/ Fylkeskommunen, i samarbeid med kommunane.
4. Fleire av sakene hadde innverknad på kystlynghei, utan at naturmangfaldlova § 53 var tema. Vedtaka skal også registrerast i miljøvedtaksregisteret. Ansvar: Fylkesmannen i samarbeid med kommunane.
5. Når det er spurd etter miljøinformasjon gjeld det fristar for å svare. Sjølv i denne saka som skulle ha to enkle svar og eit vedlegg om alt var i orden, klarte ikkje fleirtalet av kommunane dette før det blei purra. Ansvar: Fylkesmannen i samarbeid med kommunane.
6. Fleire av prosjekta ville truleg ha blitt lagt ein annan stad eller gjort på ein annan måte viss kunnskap om naturmangfald var samla inn tidleg i prosessen. Dette ville ha gitt eit like bra resultat for brukarane, og eit betre resultat for naturen. Naturen fortener å bli tatt omsyn til. Ansvar: Kommunane.
7. Manglande vurdering av om få observasjonar på Artskart tyder lite å ta omsyn til eller manglande kartlegging går igjen som feilkjelde i mange sakstypar og det var eit døme også her. Ansvar: Fylkesmannen i samarbeid med kommunane.
8. Er det slik i andre fylke også? Det bør nokon få sjekka opp. Ansvar: Kulturdepartementet.

Med helsing

Øystein Folden

Rapporten er finansiert med medlemspengar frå Naturvernforbundet sine medlemmer og friviljug dugnadsarbeid, slik at fylkeskommunen som forvaltingsorgan kan bli klar over at eit stort tal av tippemiddelsøknadene ikkje blir handsama etter naturmangfaldlova.